

NOTAT FRÅ PLANLEGGINGSMØTE 2022 FOR ALLE LAG, LAGSHUS OG ARRANGØRER I HERAND, søndag 20.03.22.

Desse møtte;

- Ole G. Vassel Herand bygdelag
- Marta Samland Herand bygdelag
- Jan-Tore Huus Herand Musikklag/Herand bygdelag
- Angunn H. Trå Herand bygdelag
- Kaia Gulbrandsen Herand bygdelag/Herand bygdeblad
- Margreta S. Eiken Herand idrettslag
- Ingrid S. Haavik Luren 4H/Herand bedehus
- Marit Samland Herand kvinne og familielag
- Bjørg Huus Herand kvinne og familielag
- Charlotte Bergsholm Vassel gard
- Kjellaug H. Samland 17.mai komite
- Gunnar Dalseth Styre i Herand Landhandleri
- Liv Bente Steiro Jondal Frivilligsentral

Frivillighetsstrategi i Ullensvang kommune og Frivillighetens år;

Liv Bente Steiro frå Jondal Frivilligsentral informerte om kommunens arbeid med å utarbeide ein strategiplan for det frivillige arbeidet. Som ein del av dette, vil Frivilligsentralane i Jondal og Odda reise rundt i grendene og ha bygdemøte der de informerer og hentar innspel frå laga. Det er Frivilligsentralane som skal utarbeide planen. I dette høve har dei utarbeida eit spørjeskjema som vil bli sendt til alle lag og foreiningar, med svarfrist 1.mai. Dette vil bli eit viktig grunnlag for planen, og alle lag oppmodast om å svare på skjemaet. Det ligg og på nettsida til Ullensvang kommune om nokon ikkje får det tilsendt. Forsking viser at kommunar med ein god frivillig-politikk engasjerer fleire av innbyggjarane og god dialog mellom frivilligheita og kommunane er viktig for å leggje til rette for vekst og utvikling i lokalsamfunn. Liv Bente oppmoda og om at laga aktivt brukar nettstadene www.kvaskjerikultur.no og www.ullensvang.foreiningsportalen.no.

2022 er Frivillighetens år i Noreg. Hovudmålet er å synleggjere frivilligheita og få fleire med. Liv Bente informerte om eit stort arrangement i vårt område søndag 26.06. Då skipast det til ein felles sykkeltur gjennom heile distriktet som skal ende opp på Voss og opninga av Ekstremsportveko der med statsminister og ordførarar m.fl. Her er det høve til å delta. Ho oppmoda og om å søkje midlar til arrangement gjennom «Vår dag» på www.frivillighetensår.no.

Felles bygdefestar og arrangement;

17. mai komiteen er i gang med planlegginga. Det var mange i den oppsette komiteen som ikkje kunne delta, men dei som er med vil prøve å få til ein tradisjonell 17.mai feiring på kulturhuset. Det er viktig at me alle erause og takksame for dei vala komiteen tar og den jobben dei gjer.

Jonsok; møtet er einige om at det er viktig å ta opp att feiringa av jonsok med tradisjonelt brurefølgje og leikar. Forslag om at dei ulike laga i bygda tek ansvar for kvar sin del; 4H – bålbrekking, idrettslag – leikar, danselag – musikk/dans, Kvinne og familielaget – skauting/brurefølgje. Eit av laga har leiinga på omgang kvart år, i år oppmoda møtet idrettslaget om å ta dette. Utgifter dekkes gjennom sal av loddar på bok, bygdelaget stiller underskotsgaranti.

Juletefest; møtet ynskjer at denne vert feira 2. juledag på tradisjonelt vis med dei gamle rodene som arrangør.

Bygdedugnad; denne vert laurdag 23. april, oppmøte i båthamna kl. 10.00. Alle lag og andre oppmodast til å melde inn arbeidsoppgåver til leiar i bygdelaget snarast. Kvinne og familielaget serverer graut og kaffimat til dugnadsfolket i bedehuset kl. 13.00. Velkommen med til alle!

Andre kommande lagsarrangement:

Herand Grannahus skipar til påskebingo på skjærtorsdag, 14. april.

Luren 4H feirar 4H dagen utanfor butikken laurdag 7. mai.

Herand danselag feirar 30 år med jubileumsfest 14. mai.

Herand idrettslag inviterer til Herand Rundt 2. pinsedag, 6. juni.

Det vil bli ein opning av det nye nærmiljøanlegget ved kulturhuset i vår, dette annonserast etter kvart.

Bygdelagsbasaren 5. juledag: Herand bygdelag vil ta ein diskusjon om denne bør flyttast til februar (som det vart i år) for å ha færre arrangement i romjula.

Elles forslag om å ha mindre arrangement i løpet av året; temakveldar, dialog/intervju med ulike personar, bygdekafe. Bygdelaget diskuterer om dei har kapasitet til eit større arrangement i haust, forslag om show med for eksempel Linda Eide.

Herand.no, Herand på Facebook, Herand bygdeblad;

Oppdateringar til www.Herand.no skal sendast til Gunnar Dalseth, hindhgts@psmail.net. Det er viktig at lag og arrangørar sender inn info og arrangement, mellom anna nye styre og kontaktinfo. Herand på Facebook fungerer bra som løpande infokanal. Herand bygdeblad kjem 1. mai, 1. september og 1. desember, bladstyret er svært takksame for alle bidrag.

Kulturstien;

Herand bygdelag har fått kr. 61.000,- frå Ullensvang kommune til kulturstien. Dette gir oss høve til å gjere tiltak, forslag til utbetringar/oppgraderingar/arbeid kan gis til leiar Ole Vassel. Bygdelaget har gjort avtale om beitegeiter frå om lag 1. mai, dei skal gå i deler av den øvre stien.

Herand 30.03.22, Kaia Gulbrandsen